

Haustetilrådingar per 3.sept 2013 (etter prøveuttaking 2.sept)

NLR Sogn og Fjordane avd. Njøs har starta opp med uttak av prøvar for vurdering av haustetid for sesongen. I år blir uttak og analysar utført av NLR v Stine Huseby og Marianne Bøthun, i tett samarbeid med Sognefrukt som er med både på innsamling i hagane og analysen på laboratoriet. Også i år kjem me til å ta ut prøvar frå nokre hagar konsentrert til Sognefrukt sitt område, og så lyt kvar og ein relatera til eigen hage og kontrollera eiga frukt.

For å koma tidsnok i gong med haustinga på tidlege stader, tek me heile tida ut flest prøvar i dei tidlegaste områda for kvar sort. Desse blir så supplert med prøvar for tilsvarande sortar i seinare områder ved neste prøveuttak. **Gevinsten ved å koma tidleg nok i gong med haustinga, er at når fruktlageret får varene før inn, blir dei pakka og selde før og dyrkaren får dermed også betre betalt. Frukta får då også meir optimal kvalitet.**

Me fekk gode tilbakemeldingar på at me i fjor utførte innsamling/analysar på måndagane og sende ut haustetilrådinga seinast på tysdagen etter, så me held fram med det også i år. Me kjem til å ta ut prøvar kvar måndag f.o.m. 2.sept t.o.m. 23.sept og kan hende held me fram også i byrjinga av oktober, litt avhengig av korleis sesongen blir. Me tek kontakt med eigarane av prøveuttaksfelta på førehand, og som takk for hjelpa sender me også fullstendige analyseresultat til dyrkarane dette gjeld.

Tips!

Liste over tilrådde refraktometerverdiar og fastleik for dei ulike sortar er lagt ut på Sognefrukt sine heimesider. Her ligg også bruksanvisning for korleis ein går fram ved målingane. Ferdig utblanda jodløyning for stivetest kan medlemmar i NLR også i år få kjøpt ved henvending til Landbruksrådgivinga på Njøs. (Prisstigning på ingrediensane, gjer til at me ikkje kan dela ut gratis som tidlegare.) Både Sognefrukt og Landbruksrådgivinga sel også hefter med bilete av rettleiande stive- og streifverdiar for dei ulike sortane til kr 100. Hugs at refraktometerverdien aleine ikkje må brukast som einaste haustekriterium, då den fortel mest om kvaliteten og ikkje så mykje om utviklinga på frukta. Sukkerinnhaldet må difor sjåast i samanheng med fastleik og stive-innhald for å avgjera rett haustetid.

Ver merksam på at frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer. Det er tilrådd at frukta vert hausta i fleire omgongar for å få maksimal kvalitet.

Hugs at grunnfargen MÅ vera på plass før hausting, og at ein god indikasjon også er om frukta smakar godt!

Discovery

Det er teke ut prøvar på Leikanger, Slinde, Sogndal og Vangsnes. Frukta har byrja få fin raudfarge og også grunnfargen er byrja å koma på nokre eple. Fruktenene er likevel enno for faste og har mykje å gå på når det gjeld stive. Sukkerinnhaldet må også bli høgare før hausting. Streifindeksen indikerer at ein må venta med utorplukking på tidlege stader til etter at nye prøvar er teke ut på måndag 9.sept. Men om vèret blir fint frametter kan ting skje raskt. Felt med frostskeidar har mykje småfallen frukt i år.

NB! Ver elles oppmerksom på små, usmakelege, grøn-grå farga epler som kan vera teikn på Heksekost. Dette er ein sjukdom som det er meldeplikt for, så merk trea med plastband e.l. og ta kontakt med Mattilsynet eller oss i Landbruksrådgjevinga. Pålagt uttak av tre gjev rett til erstatning.

Clara Frijs

Det er teke ein prøve på Slinde. Alle verdiar viser at det enno er for tidleg å byrja å hausta, men at avlinga ligg an til å bli jevn og fin. Nye prøvar vil bli teke ut på måndag 9.sept.

Summerred

Ein prøve er teke ut på Slinde, og også for denne sorten viser alle verdiar at det enno er for tidleg å tenka på hausting sjølv om fargen er byrja bli fin. Nye prøvar vil bli teke ut på måndag 9.sept. Også i Summerred ser det ut til å bli mykje småfallen frukt i år. Prøveuttaket viser også at Summerred og Discovery truleg vil koma tett på ein annan i hausting i år.

Generelt ser det ut til at me ligg 1-1,5 veker seinare i utvikling i høve til fjoråret og haustestart vil truleg spegla att dette. Men om vèret blir lagleg frametter kan ting skje raskt.

I seinare uttak av prøvar vil det i tillegg også verta teke prøvar av Raud Gravenstein og Raud Aroma/Aroma. Pærer utanom Clara Frijs vil ikkje bli testa i år.

Neste prøveuttak blir på måndag 9.sept.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Stine Huseby; 48040498